

# Snerle

## gnr. 10 og 11.



Av Knut Raastad, februar 2024



*Sygaard Snerle ca. 1930. Foto: Hans Joramo, Vågå historielags fotoarkiv.*

## Snerle sygard

Engebret Hougen skreiv om folket på Snerle omkring 1600. Han skil ikkje på sygard og nordgard/megarden. Men det er usikkert med både eigarskap og bruk denne tida. Kanskje har enkelte hatt eigarskap i båe gardar. Hougen skreiv at Sjugurd Snerle etter odelsmanntalet i 1615 var eigar av 2 huder i Snerle, men dette ser ut til å vera feil. Torger Einangen var eigar av 1 hud i Snerle både i 1615 og 1624.

Erich Snerle er nemnd som brukar i skattelister frå 1610 til 1632. Erik f.ca.1575 d.ca.1640 var frå Slette i Heidal, son til Lodver Eriksen Slette. I 1615 var Erik eigar av ½ hud i Snerle, i 1616 makeskifta han til seg ½ hud til frå broren Ola Slette slik at han i 1624 var eigar av 1 hud. Eirik var gift med ei Marit, dei hadde 3 barn:

Lodver f.før 1593, g.1613/14 m. Sigrid Eilivsdtr.

Amund f.ca.1602, neste brukar, til Einangen

Engebret f.ca.1605, til Isum

Erik vart ca. 1615-1620 gift på nytt med med Ingebjørg Mikkelsdotter Snerle, dotter til Mikkel Arnesen Snerle n. Erik og Ingebjørg hadde 3 barn:

Mikkel

Marit

Guri f.ca.1620, g.m. Peder Olsen Tho n. f.ca.1615

Amund Snerle betalte landskatten 1633 til 1643. Truleg har det vore eit bytte slik at han kom til Einangen.

Gulbrand vart nemnd som opsitjar på Snerle i 1666, han betalte landskatt i 1644, koppeskatten i 1645 og kvegskatt i 1657. Gulbrand Torgjerson var son til Torgjer Einangen som i 1615 og 1624 var eigar av 1 hud i Snerle, og Gulbrand overtok denne eiga. Gulbrand kjøpte i 1661 ½ hud i Snerle av barna etter Erik Snerle. Gulbrand var gift med Mari Andersdtr. Ner-Bjørnstad. Ved skifte etter Gulbrand i 1670 hadde dei 3 huder i Snerle og 3 skinn i ner-Bjørnstad.

Gulbrand og Mari hadde 2 barn:

Hans f.ca.1628, neste brukar

Syver f.ca.1631, til Øver-Bjørnstad

Hans Gulbrandsen død ca. 1691 overtok etter faren og i matrikkelen 1668 vart han nemnd som brukar av 3 huder. Det var også han som i 1659 betalte skatten rosstenest for 2 ½ hud av Snerle. Amund Einangen som var son til Erik Lodversen Snerle hadde da inntekta ½ hud i Snerle. Ved skifte i 1691 var Hans eigar av 1 hud og 7 ½ skinn i Snerle. Hans var gift med Kari Knutsdotter Heringstad f.ca.1650 skifte 1710, dotter til Knut Guttormsen Heringstad 1605-1688 og Anne Olsdtr. Melby, Fron f.ca.1615 d.1667. Hans og Kari hadde 7 barn:

Gulbrand, seinare brukar

Knut skifte 1713, neste brukar

Paul

Anders d.1717, g.m. Torø Jonsdtr. Ekre n., Heidal 1690-1760. Til Ekre.

Oluf

Hans

Anne

Skoskatten 1711 viser at brukarn var Knut. Det var skifte etter han i 1713.

Gulbrand Snerle overtok Snerle med skjøte frå syskena i 1721 og vart da eigar av 3 huder. Gulbrand var gift med Marit Enersdotter Sandbu dotter til Ener Siverson Sandbu og Gunhild Pedersdtr. Gulbrand hadde 2 sønner:

Hans 1723-1809, neste brukar

Iver 1725-1808, ugift

Hans Gudbrandsen Snerle 1723-1809 overtok etter faren. I 1764 fekk Hans Gudbrandsen Snerle bygsel på sæteremne i almenninga sør for Buvasshøa nær sætra til Øy. I 1770 selde og skjøta Iver Gudbrandsen Snerle den delen han hadde ervt i Søndre Snerle til bror sin Hans Gudbrandsen Snerle for 299 rd. Hans Gudbrandsen Snerle vart i 1758 gift med Maren Johanisdatter, dei hadde 4 barn:

Marit f.1759

Hans 1761-1799, neste brukar

Else 1763-1765

Else 1765-1845, g.m. Thorstein Thorsen Romundgard Sandbu nig. f.ca.1768 d.1825

Hans Hansen Snerle kjøpte i 1789 Øvre Lien av Michel Øvre Lien. I 1791 var det skjøte på Snerle frå Hans Gudbrandsen Snerle til sonen Hans Hansen og hustru for 1000 rd. Hans Hansen Snerle var fyrst gift med ??, dei hadde 2 barn:

Hans 1785-1799

Iver 1790-1791

Hans Hansen Snerle 1761-1799 vart 1792 gift på nytt med Ingrid Jakobsdatter øvre Dale 1770-1859. Dei hadde 3 barn:

Kari f.1793

Iver 1797-1797

Gudbrand f.1799 d.etter 1865, seinare brukar

Hans Hansen Snerle døydde i 1799 og enkja Ingrid Jakobsdatter 1770-1859 gifta seg oppatt med Iver Christensen Bjørnstad 1768-1856. Iver Christensen Snerle som han nå heitte kjøpte i 1803 garden Kleiven av Michel Pedersen Lien. Iver og Ingrid hadde 6 barn:

Christen Iversen Kleiven f. 1801

Jakob Iversen Kleiven 1803-1884, overtok Kleiven i 1832, foreldra Iver og Ingrid fekk føderåd.

Hans Iversen Kleiven 1807-1880, g.m. Marit Torgersdtr. Kruke 1805-1885

Pål Iversen Kleiven 1810-1867

Mari Iversdotter 1815-1815

Kari Iversdotter

Iver Christensen selde og skjøta i 1817 garden Snerle til stesonen Gudbrand Hansen, son til førre eigaren. Gulbrand Hansen Snerle 1799-1883 var gift med Ragnhild Pålsdotter Bjørnstad 1795-1880. Ho var dotter til Pål Christensen Bjørnstad 1750-1831 som var bror til Iver Christensen. Gudbrand og Ragnhild hadde barna:

Ingri f.1817

Hans Gudbrandsen Steinfinsbø f. 1818

Guri Gudbrandsen Steinfinnsbø f. 1821  
Mari Gudbrandsdotter Steinfinnsbø f. 1824, g.m. Iver Ekre  
Iver Gudbrandsen Steinfinnsbø f. 1828  
Pål Gudbrandsen Steinfinnsbø f. 1830

I 1825 var det skjøte på skogteig i Holongsmorken løpenr. 13 b (gnr. 10 bnr. 2) matrikelnr. 9 gammel skyld 1 skinn frå Gudbrand Hansen til krigsråd Lundh for 50 spd I 1853 var det skjøte på dette og Sandbu til Thor A Sve.

Gudbrand Hansen Snerle vart i 1826 erklært umyndig fordi han *i yderste Grad var hengiven til drikk og ødselhed og indlader sig endog i mindre beskjenket Tilstand i daarlige Handlinger*. Bror til kjerringa, Christen Pålsen Bjørnstad 1794-1866, vart oppnemnd som verge.

Gulbrand Hansen makeskifta i 1832 med Ole Christensen 1753-1838 slik at Gulbrand fekk Baarstad og Ole fekk Snerle og Eide. Ole Christensen var frå Bjørnstad og bror til Pål og Iver og dermed onkel til Ragnhild som han overtok Snerle frå. Ole var gift med Kari Andersdotter Prestgard 1771-1858. Ole og Kari hadde 2 barn:

Christen 1797-1868, føderådsmann på Snerle s. i 1868, hadde med Anne Paulsdr.  
Bjørnstad sonen Ole f.1824  
Tord f.1799, neste brukar

Ole Christensen selde i 1837 Snerle og Eide til sonen Thor Olsen for 300 Spd. pluss føderåd verdsett til 292 Spd., til saman 592 Spd. Thor Olsen 1799- vart 1837 gift med syskenbarnet Ragnhild Amundsdotter s. Harildstad 1798-1858, Kari var tanta hennar.

Thor og Ragnhild var barnlause, men dei tok til seg son til syster hennar Pål Christensen 1824-1910. Mora var Marit Amundsdotter Harildstad f. 1800, ho vart gift med Gudbrand Thoresen Prestgard f. 1811; saman med barna reiste dei til Amerika i 1870-åra. Pål var fødd utanfor ekteskap og faren var Christen Pålsen Bjørnstad 1794-1866. Thor var syskenbarnet til faren, og Ragnhild som flytte frå Snerle til Bårstad var tanta hans.

Paul Christensen Snerle overtok i 1858 Snerle for 3000 spd, da tanta døydde vart ho nemnd som føderådskone. Pål Christensen vart i 1859 gift med Ragnhild Hansdotter Skaar 1840-1929. Ho var dotter til Hans Gulbrandsen Skaar nedre 1805-1881 og Marit Iversdotter Bu d. 1849. Den ugifte onkelen hennar Gulbrand Gulbrandsen f. 1812 hadde føderåd i Skaar. Ragnhild var einbarn, og dermed var det ho og Pål som overtok ner-Skaar. Pål og Ragnhild hadde barna:

Thor f. 1859, gift med Guri Ulheim, på Ulheim på Dovre.  
Hans 1862-1901, ugift, føderådsmann på Snerle i 1900  
Ragnhild 1864-1949, budde som ung hjå dei gamle i ner-Skaar, gift 1898 med Jon Olsen Kjølstad 1870-1950, kjøpte øver-Skaar.

Ole 1867-1942, ugift, gardbrukar på Snerle, budde i øver-Skaar på sine gamle dagar  
Gudbrand 1870-1960, gift med Gunhild Olsdotter Kjølstad 1874-1949 syster til Jon.

Gudbrand fekk i 1906 skjøte frå foreldra på ner-Skår for 3500 kr, men hadde nok overteke før for alt i 1903 tinglyste han pantobligasjon på garden.

Marit 1873-1874

Mathias 1877-1949, brukar på Snerle

Ole Paulsen fekk i 1904 skjøte Snerle og Eide frå foreldra Paul Kristensen og hustru, i 1900 vart Ole oppgjeve som eigar og faren Paul som føderådsmann så Ole har nok overteke før. Eide og bruka som låg under dette, Svarvarhaugen, Sørhaugen og søre Øygarden, vart frâselde i åra 1905 til 1909, men skogteigen Eideteigen gnr. 160 bnr. 4 vart atthalde.

Mathias Snerle 1877-1949 kjøpte i 1904 sør-Stade som tidlegare var kapellangard. Han var gift med Rønnaug Knutsdotter Stokstad 1875-1954, dotter til Mari f. Prestgard 1828-1912. Mari var syskenbarn med Ragnhild Amundsdotter og Kari Andersdotter var tanta til Mari, baa desse kjerringar på Snerle. Da foreldra og syskjena reiste til Romsdalen tidleg på 1830-talet vart yngstejenta Mari att på Snerle og voks opp der. Mathias og Rønnaug flytte frå Stade til Snerle og overtok drifta der da Ola vart sjuk, ein gong mellom 1914 og 1920. I 1935 var det skjøte på Eideteigen gnr. 160 bnr. 4 frå umyndiggjorde Ole P Snerle til Mathias P Snerle for 4000 kr. Mathias og Rønnaug hadde barna:

Pål 1906-1986, gift 1932 med Kari Dahl 1908-1997, overtok Stade i 1932

Knut 1914-1980, neste brukar

I 1936 var det skjøte på Snerle frå Ole P Snerle v/verge Ole H Snerle med overformynderiets samtykke til Knut Snerle for 8000 kr, i Norske Gardsbruk står det at han overtok frå faren i 1933. Seinare tok Knut Snerle utdanning og var borte frå bygda i lang tid, og det var foreldra som dreiv garden. Eideteigen gnr. 160 bnr. 4 vart skylddelt i 1948 til bnr. 4 hovudbølet, 8 Eide skog, 9 Eideteigen og 10 nedre Eide skog og skogteigane vart selde.

Ivar Pålsen Snerle 1939-2022 frå Sør-Stae var son Pål Snerle 1906-1986 og Kari Dahl 1908-1997. Ivar overtok etter onkelen i 1977. Ivar vart 1975 gift med Kari Berglund, Ringebu 1940-2024 dotter til Kristian Berglund f.1896 og Lovise Guttu f.1902. Ivar og Kari har 2 barn:

Mathias f.1976, neste brukar

Kristine f.1980, sb.m. Ørjan Venås. Til Brekka.

Mathias er gift med Mari Tolstad f.1978, dotter til Ola Tolstad f.1941 og Dagny Usterud f.1947. Mathias og Mari har 2 barn:

Oda

Idun

Kjelder:

P.Ø.Kvarberg 2000: Slektar i Vågå og Lom

Digitalarkivet: Panteregister, folketeljingar, kyrkjebøker mm.

Norske gardsbruk 1953-1997

Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker mm.

Engbret Hougen, 1953: Ættesoge for Gudbrandsdalen I

Jakup Skjedsvoll: Skattelister fyrst på 1600-talet samt resyme av Engbret Hougen om Snerle

# Snerle megarden

Engebret Hougen skreiv om folket på Snerle omkring 1600. Han skil ikkje på sygard og nordgard/megarden. Men det er usikkert med både eigarskap og bruk denne tida. Kanskje har enkelte hatt eigarskap i baa gardar. Hougen tek utgangspunkt i Vigleik Arnesen Snerle f.ca.1500, han hadde bl.a. sonen:

Arne, leiglending på nordgard Storvik, neste eigar

I 1615 var Arne Vigleikson Storvik eigar av 3 huder i Snerle, Arne hadde 3 sønner:

Mikkel, på Snerle (nordgard?)

Mads, på Storvik nordgard

Jo, til Frisvold i Lom

I 1624 var Mikkel Snerle og Mads Storvik eigar av 1 hud i Snerle kvar.

Brukaren på megarden Snerle var truleg leiglending. Per f.ca.1585 d.ca.1605 var gift med Barbro Olsdotter f.1585 d.etter 1645 før 1659. Dei hadde 2 barn:

Kari f.1606 d.før 1674, g.m. Per Jonsson f.ca.1615 d.før 1674, øvre Bjørnstad

Marit f.1607, g.m. Jakob Jonsson f.ca.1603, neste brukar på megarden Snerle

Barbro vart gift på nytt med Lars Gulbrandsen f.før 1585 d.før 1645. Lauritz er nemnd i skattelister 1610-1634 og som eigar av ½ hud i Snerle i 1624. Barbro og Lars hadde 4 barn:

Ola f.ca.1612 d.etter 1666, g.m. Anne Jakobsdotr. Kvarberg som fyrst var gift med

Ingelbret Simensen Bolstad.

Per f.ca.1615 d.etter 1697, g.m. Marit Simonsdtr., til nordgard Snerle

Mali

Rønnaug

Det ser ut til at dei eldste Kari og Marit overtok 1 hud kvar i Snerle som var megarden Snerle.

Marit f.1607 var gift med Jakob Jonsen f.ca.1603. I koppskatten 1645 står han oppført saman med «enkja» som kan vera svigermor hans Barbro eller ei som var brukar av nordgard. I 1666 var Jacob brukar av 2 huder, og i 1668 vart det nemnd at av 2 huder tilhørde 1 hud Per Bjørnstad som var gift med syster til kona. Jakob betalt kvegskatten i 1657. Marit og Jakob hadde 1 barn:

Jon f.ca. 1645 d.etter.1702, neste brukar

Jon Jakobsen overtok 1 hud i Snerle etter foreldra, og som nemnd i sak i 1674 bygsla han 1 hud frå tanta Kari g.m. Per øvre Bjørnstad og seinare deira to døtre Ymbjør og Rønnoug som overtok ½ hud kvar. Jon Jakobsen var gift med Marit Torsdotter d.etter.1702, dei hadde 4 barn:

Tore

Marit, g.m. Gulbrand

Kjersti, g.m. Tore Siverson Bjørnstad

Kari, g.m. Endre Austrem

Syskjena Tore, Marit, Kjersti og Kari overtok odelseiga 1 hud i Snerle i 1702 og ville ha det uskifta i si tid, medan Gulbrand Bjørnstad skulle bruke garden. Gulbrand Siverson Snerle frå øvre Bjørnstad fekk skjøte frå Kjersti og Kari på 1 hud i 1720. Sjølv eigde Gulbrand 1 hud som hadde gått i arv frå bestemora Kari Persdtr. som kom frå Snerle og fekk da tilsaman 2 huder.

Gulbrand Siverson Bjørnstad Snerle f.ca.1670 d.1739, var gift med Magnhild Tjøstolvsdotter Kleppe s. f.ca.1660 d.1709. Gulbrand vart gift på nytt med Aase Jacobsdotter n. Austrem f.ca.1680 (ho vart nemnd i skifte etter Gudbrand i 1740). Gulbrand og Aase hadde 10 barn:

Siver f.1711, neste brukar

Marit f.1712

Jacob f.ca.1713

Thore f.ca.1716

Hans f.ca.1718

Randi f.1720, g.m. Lars Siverson Bolstad f.ca.1719 d.1751, Til Sørlien og Kjølstad.

Knud f.1722, g.m. Ågot Olsdtr. Svare s. 1729-1774. Til Huden og Siem.

Kari f.1724, g.m. Ole Amundsen s. Austrem f.ca.1719 d.før.1774, på nordgard Snerle

Iver / Joen f.1726

Anders f.1727

Siver Gulbrandsen Snerle 1710-1797 som hadde odelsretten overtok i 1741 megarden Snerle 2 huder frå Nils Guttormsen Graffer og Knut Jakobsen Austrem, dette hadde dei overteke på skiftet etter faren hans. Siver Gulbrandsen var gift med Kari Enersdtr. Sandbu f.1713 dotter til Ener Siverson Sør-Sandbu og Gunhild Pedersdtr. Siver og Kari hadde 3 barn:

Gulbrand 1744-1815, neste brukar

Gunild f.1746

Ener f.1751 d.1826, ugift, nordgard

Gulbrand Siverson Snerle 1744-1815 fekk i 1770 skjøte frå faren på megarden Snerle 2 huder for 1000 rd. Gulbrand var g.m. Mari Tordsdtr., dei hadde 3 barn:

Siver 1770-1796

Tord 1772, neste brukar

Jacob f.1776

Thor Gulbrandsen Snerle 1772-1831 overtok i 1798 megarden Snerle 2 huder frå faren for 800 rd. og føderåd til foreldra. Same året overtok han nordgard Snerle 1 hud frå onkelen Ener Siverson for 800 rd., og gardane vart dermed samanslege. Thor Gulbrandsen vart 1800 gift med Kari Poulsdtr. Holbø f.ca.1779 d.1839. Tord Gulbrandsen overtok sygard Holbø i 1809 frå Kari Andersdtr. m.fl. Thor og Kari hadde 12 barn:

Gulbrand 1801-1846, neste brukar

Kari f.1802, g.m. Ole Stokkestad

Mari f.1804, g.m. Hans Knudsen Stokkestad

Gunild f.1806, g.m. Paul Paulsen Frisvold, Gunhild fekk skjøte frå faren på Holbø i 1830

Kari d.y. f.1808, g.m. Iver Knudsen Stokkestad  
Torø, g.m. Østen Pillervigen  
Mari 1813-1813  
Guri f.1814, ugift i 1839  
Ingebjør f.1816, ugift i 1839  
Mari d.y. f.1818, g.m. Hans Hansen Svendstad  
Barbro f.1821, ugift i 1839  
Hans 1823-1824

Gudbrand Torsen Snerle 1801-1846 overtok Snerle 3 huder frå faren i 1818 for 400 spd.

Gulbrand Torsen var g.m. Kari Olsdr. Slette 1801-1861. Dei hadde 4 barn:

Kari 1833-1856  
Ole 1838-1904, neste brukar  
Guri f.1840  
Kari f.1842

Ole Gulbrandsen 1838-1904 overtok Snerle etter mora i 1861 for 1000 spd., det vart da tinglyst pantebrev til systera Kari som må vera ho som vart fødd i 1842. Ole var gift med Ragnhild Jonsdr. Garmo n. 1829-1904, ho overtok Helle i 1857 etter onkelen hennar. Ole og Ragnhild hadde 6 barn:

Hans 1859-1931, neste brukar.  
Gudbrand f.1861, studerte ved veterinærskulen i Skara, med fullførte ikkje. Til USA  
Ragnhild 1863-1942, g.m. Pål d.y. Hansen Tolstad 1856-1916. På Tolstad.  
Pål 1866-1948, g.m. Mari Andersdr. Rusnes 1867-1953. På Helle.  
Kari 1870-1948, g.m. Pål Knutsen Stokstad nedre 1861-1946. På Stokstad.  
Torsten 1870-1871

Det ser ut til at sonen Hans Olsen Helle 1859-1931 overtok Snerle i 1884 da han har tinglyst panteobligasjon til faren Ole G. Helle samt fødreådskontrakt til foreldra, men auksjonsskjøte for kr 12500,- er frå 1895. Hans var gift med Mari Hansdr. Tolstad 1853-1897. Hans og Mari hadde 2 barn:

Ola 1885-1966, g.m. Eli Ymbertsdr. Berge ø. 1899-1942  
Guri 1891-1950, g.m. Sigurd Øysteinssen Hovde 1885-1922, på Blessom n.

Hans O Snerle 1859-1931 selde i 1912 Snerle til Ola I Lunde nig. for kr 35000. Ola Iversen Lunde 1872-1950 var son til Iver Olsen Lunde 1828-1904 og Kirsti Helgesdr. Klæstad 1832-1920. Ola Lunde selde nigard Lunde i 1907. Ola Lunde var gift med Johanne Knutsdr.

Eriksen 1877-1948 (d. i USA), dei hadde 6 barn:

Ivar 1900-1984, ugift, kaptein i luftforsvaret  
Knut Helge 1901-1976, ugift, kunstnar, til USA  
Kirsti f.1903, ugift, sjukepleiar, til USA  
Einar 1905-1991, g.m. Leone Stuart d.1993, han var ingeniør, til USA  
Trygve 1906-1997, g.1.m. Jane Coffey, g.2.m. Carol Biesel f.1940, han var ingeniør, USA  
Sigurd 1911-1972, g.m. Therese Cedergren 1920-1994, ingeniør



Ola Lunde selde Snerle i 1919 til Ivar P Tallerås for kr 130000. Men det ser ut til at Ola Lunde og familien dreiv vidare, for i 1920 var dei forpaktar på Snerle. Iver Talleraas, Dovre f.1885 var ved folketellinga 1920 på søre Tallerås og nemnd som ugift bonde som har gard i Vågå. I 1910 var Iver og broren forpaktarar på Bjølstad i Heidal.

I 1923 fekk Johan Øien konsesjon på megarden Snerle. Johan Hjalmar Øien 1892-1969 var frå Veggumsflåten, son til Pål Hansen Øien 1855-1893 og Gina Iversdr. Eide 1857-1942. Johan vart 1917 gift med Alma Haave, Sør-Fron 1898-1965. I 1927 kjøpte dei Kleivmellom søre i Sel. Johan og Alma hadde 5 barn:

- Paul Georg f.1918, g.m. Margit Tho f.1928. På Kleivemellom
- Asbjørn Kåre f.1920
- Bjarne Magne f.1925, g.m. Kristine Vole
- Gudrun Magnhild f.1927
- Ragnhild Astrid 1936-1943

I 1926 var det skjøte frå Johan P Øien til Knut I Flatmo frå Lom for kr 75000,-. Knut Flatmo, Lom 1892-1980 var son til Ivar Jakobsen Flatmo, Lom 1854-1942 og Marit Olsdr. Olsonstugu, Lom 1856-1915. Knut var gift med Livø Jonsdr. Vågåsar 1898-1969, dotter til Jon Rolvsen Geilo, Skjåk 1864-1949 og Juliane Hallvorsdr. Engjom 1862-1937. Frå 1936 til 1940 var Knut og Livø forpaktarar på nordgard Stamstad og frå 1940 til 1955 på prestgarden i Lom. Seinare var dei på Arneberg i Ringsaker. Knut og Livø hadde 3 barn:

- Marit f.1929, g.m. Haldor Kleiveland, Hjelmeland f.1922
- Julie f.1936, g.m. Ragnar Øyjordet f.1932
- Anna f.1938, g.m. Toralf Olsen f.1926. På Arneberg i Ringsaker.

I 1932 overtok Tjøstel Garmo og svigerfaren Johan Øvstedal, dei fekk skjøte frå Vågå sparebank for kr 32000. I 1942 fekk Tjøstel Garmo også skjøte på svigerfarens halvdel. Tjøstel Garmo 1902-1962 var son til Torstein Garmo n. og Hilda f. Karlsen. Tjøstel vart 1926 gift med Aslaug Øvstedal f.1900. Dei hadde 6 barn:

- Torstein f.1928, neste brukar
- Hallgjerd f.1931
- Hilda f.1934
- Johan f.1937
- Kari f.1940
- Arne Torbjørn f.1945

Torstein f.1928 overtok Snerle i 1962. Han vart 1953 g.m. Gudrun Myhren, Ringsaker 1928-1990 dotter til Arne Myhren og Astrid Børke. Torstein og Gudrun hadde 4 barn:

- Astrid f.1953, g.m. Per Guren
- Guri f.1954, g.m. Ole Moe
- Tore f.1956, g.m. Thorhild Mykland
- Are f.1962, neste brukar

Are vart 1991 g.m. Sølvi Øien, Heidal f.1965, dotter til Johan Øien f.1938 og Eva Sølvi Hansen f.1945. Dei overtok Snerle i 1995 og har 1 barn:  
Nina f.1992

Kjelder:

Pål Øystein Kvarberg, 2000: Slektar i Vågå og Lom, slektene på Tolstad, Mo, nig. Lunde  
Norske gardsbruk 1953-1997  
Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker mm  
Digitalarkivet: panteregister, kyrkjebøker, folketejingar  
Jakup Skjedsvoll, 2020: notat om slekt på megarden og nordgard Snerle på 1600-talet  
Engebret Hougen, Norsk slektshistorisk tidsskrift 1951: Av hauldeætt, Bondearistokrati i G-d.  
Engebret Hougen, 1953: Ættesoge for Gudbrandsdalen I  
Jakup Skjedsvoll: Skattelister fyrst på 1600-talet samt resyme av Engebret Hougen om Snerle

## Snerle nordgard

Mikkel Arnesen Snerle vart nemnd i skattelister som husmann eller medbrukar på Snerle frå 1611 til 1634, bl.a. i landskatten 1628. Mikkel var i 1624 eigar av 1 hud i Snerle. Det er usikkert om dette var nordgard. Mikkel var son til Arne Vigleiksen Snerle Storvik som i 1615 var eigar av 3 huder i Snerle. Mikkel hadde dottera:

Ingebjørg, g.m. Erik Lodversen Slette Snerle som truleg var på sygard Snerle.

I koppeskatten 1645 står «enkja» oppført saman med Jakob som truleg var på megarden Snerle. Enkja var kanskje Gjøda Snerle som betalte skatt enkelte gonger, bl.a. i 1636 og 1644. I og med at Mikkel Arnesen står i skattelister til 1634 kan Gjøda ha vore gift med han.

Engebret Snerle betalt i 1659 skatten rosstenest for 1 hud i Snerle. Engebret betalte også kvegskatten 1657.

Per Larsen Snerle f.ca.1615 d.etter 1697 vart nemnd som oppsitjar i 1666 og 1668. Per Larsen var brukar av 1 hud som var nordgard Snerle. Per var frå megarden Snerle son til Lars Gulbrandsen f.før 1585 d.før 1645 og Barbro Olsdotter f.1585 d.etter 1645. Per Larsen var gift med Marit Simensdotter. I 1697 var det skifte av odelseiga 1 hud. Per og Marit hadde 4 barn:

Lars f.ca.1662 d.1741, neste brukar

Kari

Ymbjør

Barbro

Lars Snerle f.ca.1662 d.1741 vart nemnd som brukar i 1711. Lars var gift med. Rønnaug Andersdotter Svenstad f.ca.1650 dotter til Anders Svenstad f.ca.1625 d.1685 og Eldrid Andersdtr. Kagrud.

Ole Amundsen Snerle f.ca.1719 d.ca.1761 frå Austrem son til Amund Anderssen f.ca.1679 d.ca.1738 og Kari Olsdr. Sørem. Ole Amundsen var gift med Kari Gulbrandsdotter megarden Snerle f.1724 enkje på Snerle i 1801. Ole og Kari hadde 2 barn:

Kari f.ca.1748, g.m. Ole Knutsen Rusten

Anders f.ca.1758, han fekk farsarven sin i 1781

I 1727 var Poul Hansen Tolstad eigar av nördre Snerle.

I 1730 var det skjøte frå Paul Hansen Tolstad til sonen Knut Pålsen Tolstad på garden Snerle skyld 1 hud for 400 rd. Knut Pålsen 1697-1760 var gift med Rønnaug Ivarsdr. Øy f.1706.

Knut Pålsen Øy selde og skjøta i 1747 nördre Snerle skyld 1 hud til Siver Gulbrandsen Snerle for 598 rd. Unnateke var plassen Hollongsøyen og skogen som tilhøyrd nördre Snerle frå Holongsbekken til mosevegen frå fjellet på austre sida av Rustvegen. Syver Snerle eigde da både nordgard og megarden og pantsatte bae gardane med samla skyld 3 huder.

I 1751 bygsla Siver Gulbrandsen bort nordgard Snerle 1 hud til bror sin Anders Gulbrandsen.

I 1767 selde og skjøta Syver Gulbrandsen nordre Snerle 1 hud til Hans Knutsen Øy for 1000 rd, det skulle vera same rettane som ved skjøtet i 1747.

Ener Syversen Snerle 1751-1826 var truleg ugift. Han selde og skjøta i 1798 nordgard Snerle 1 hud til brorsonen Tord Gulbrandsen for 800 rd. Nordgard og megarden vart dermed samanslege til ein gard.

Kjelder:

Pål Øystein Kvarberg, 2000: Slekter i Vågå og Lom

Digitalarkivet: panteregister

Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker mm.

Jakup Skjedsvoll, 2020: notat om slekt på megarden og nordgard Snerle på 1600-talet

Engebret Hougen, Norsk slektshistorisk tidsskrift 1951: Av hauldeætt, Bondearistokrati i G-d.

Engebret Hougen, 1953: Ættesoge for Gudbrandsdalen I

Jakup Skjedsvoll: Skattelister fyrst på 1600-talet samt resyme av Engebret Hougen om Snerle

## Solheim

Solheim gnr. 11 bnr. 6 vart frådelt frå megarden Snerle i 1925 med skjøte i 1926 frå Johan Øien til Mathias Jukulen for kr 6000. Dette vart eit bureisingsbruk i området der Snerlehaugen hadde vore før. Mathias Jukulen 1891-1962 var son til Ola Steinom og Mari Brynhildøygarden. Mathias vart 1920 gift med Ymbjørg Stadeløkken 1895-1984 dotter til Guttorm Stadeløkken s. Mathias og Ymbjør hadde 1 barn:

Oddvar 1921-1989, neste brukar

Oddvar overtok i 1961. Han vart 1955 gift med Aslaug Ulabråthen f.1928 dotter til Anders Bråten og Brit Kvamsøygard, Lom. Oddvar og Aslaug hadde 3 barn:

Arne Martin f.1956, neste brukar

Bjørn Ivar f.1959, g.m. Marit Romsås

Lisbeth f.1969, g.m. anders Næss

Arne Martin vart 1984 gift med Elin Skogstad f.1961 dotter til Magne Skogstad f.1919 og Asborg Jonsgard, Skjåk f.1927.

Kjelder:

Norske gardsbruk 1953-1997

Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker mm

Digitalarkivet: panteregister, kyrkjebøker, folketejingar

## Snerlehaugen

Etter Jørgen Espelund låg tomtene etter Snerlehaugen synst i Kjeldlykkjeyordet, noko av jorda er i Kjeldlykkja og noko i Solheim.

Herman Eriksen var i 1801 husmann med jord under megarden Snerle. Herman f.ca.1735 var gift med Guri Arnesdotter f.ca.1743, dei hadde 4 barn:

Randi f.ca.1767, enkje i 1801, hadde sonen Arne Olsen f.ca.1792

Rønnoug f.ca.1774

Arne f.ca.1778 d.1861, neste brukar

Ragnhild f.ca.1784

Arne Hermansen var i 1816 husmann. Arne Hermansen vart 1806 gift med Imbjør Olsdotter. Arne og Imbjør Snerlehaug hadde 1 barn:

Guri f.ca.1821, neste brukar

Guri Arnesdotter f.ca.1821 vart 1842 gift med Erland Thorsen Bjørnstad ø. f.1819 son til Tord Erlandsen Lien f.ca.1788 d.1842 og Gunhild Rasmusdr. Bjørnstad. 1796-1871. I folketeljinga 1865 budde det ikkje folk på Snerlehaugen og det var same besetning som på øvre Bjørnstad. Også i 1875 vart nok Snerlehaugen brukt saman med Bjørnstad, da budde Iver Knutsen Teigen f.ca.1811 og Anne Knutsdotter, Heidal f.ca.1821 der som inderstar. Guri og Erland hadde 9 barn.

Kjelder:

Norske gardsbruk 1953-1997

Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker mm

Digitalarkivet: panteregister, kyrkjebøker, folketejingar

Jørgen Espelund, sagt og skrivi 2007: Soga om løgnaste heimen på Lalm

# Kjeldlykkja

Erland Iversen, Heidal vart 1740 gift med Marit Olsdotter, Heidal. Dei rydda plassen frå rot.

Erland og Marit hadde 3 barn:

Ivar 1740-1742

Ola f.1743, neste brukar

Ivar f.1748

Ola overtok etter foreldra, han fekk husmannskontrakt i 1800 frå nørdre Snerle. Ola vart 1766 gift med Barbro Knutsdotter Sveen u. Ryen, Heidal d.1829. Ola og Barbro hade 4 barn:

Anne f.1770

Knut 1775-1826, neste brukar

Erland f.1779

Ivar f.1789

Knut vart 1798 gift med Marit Iverdsotter d.før 1801. Knut vart gift på nytt med Rønnaug Estinsdotter f.ca.1780. Enkja Rønnaug Østensdotter f.ca.1782 var i 1865 føderådskone. Knut og Rønnog hadde 2 barn:

Ola 1806-1815

Marit 1812-1890, neste brukar

Marit vart 1835 gift med Syver Hansen Bjørnstadeie 1809-1865. Enkja Marit Knutsdotter f.ca.1812 var i 1865 husmann med jord. Marit og Syver fekk 2 barn:

Rønnog 1837-1901, g.m. Hans Ingebrigtsen Tordstugu 1830-1918

Hans 1851-1851

Jon Person Randen 1867-1927 var son til Per Olsen Skultbakken og Anne Olsdtr.

Vassdokken, Sel 1843-1922 (Anne budde i 1920 i Kjeldløkken. Jon vart 1889 gift med Marit Hansdotter Thorstuen 1865-1911 dotter til Hans Ingebrigtsen 1830-1918 og Rønnog

Syversdotter Kjeldløkken 1837-1901. Dermed overtok Marit etter bestemora Marit Knutsdtr.

Kjeldlykkja som døydde i 1890. Kjelløkken gnr. 11 bnr. 2 vart frådelt frå megarden Snerle i 1904 med skjøte i 1905 frå Hans Olsen Snerle til John P Kjelløkken for kr 1700. Jon og Marit hadde 1 barn:

Rønnaug 1889-1917, g.1912.m. Iver Mosebakken n., Heidal f.1894. 3 barn: Johan f.1912,

Hans f.1914, Sigurd 1915-1916. Rønnaug og Iver budde i Kjeldlykkja. Iver til Åsstad.

I 1917 vart det slutta skifte etter avdøde Marit Hansdotter Thorstuen og atlevande mann John Pedersen Kjelløkken. Arvingar var dotterborna Johan og Hans Iversen Mosebakken f.1914.

John Pedersen vart 1917 gift på nytt med Ragnhild Andersdotter Svarttjønnulen 1894-1945 dotter til Anders Olsen Hovda/Osperanden f.1869 og Rønnog Jonsdtr. Svarttjønnuren f.1867.

Jon Kjeldløkken døydde i 1927 berre 61 år gammel. Ragnhild vart gift på nytt med Ole Hansen Grinda/Granrud, Sel f.1862, ho flytte til Grinda/Granrud og fekk barna Olav f.1936 og Ragnvald 1938. John og Ragnhild hadde 4 barn:

Sigurd 1918-1989, g.m. Gunhild Kleppe 1922-1911  
Hans f.1919, g.m. Margit Neset. Til Moss.  
Marit f.1923  
Ragnhild f.1927

Anton Huse kjøpte garden i 1928 med tinglyst auksjonsskjøte i 1930 for kr 7700. Han var son til Ola Huse og Guri Gjelbakken. Anton 1899-1984 vart 1927 gift med Mari Steinarsdotter Øien, Heidal 1893-1969, dei hadde 1 barn:

Gudbjørg f.1933, g.m. Alf Kleiven, Lalm f.1932

Vigdis Kleiven f.1962 overtok etter besteforeldra, ho er dotter til Gudbjørg og Alf Kleiven. Vigdis vart 1990 gift med Svein Sørensen, Sel f.1958 son til Kai Sørensen, Danmark f.1920 og Martha Breden f.1929. Vigdis og Svein har 1 barn:

Elin f.1984

Kjelder:

Norske gardsbruk 1953-1997

Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker mm

Digitalarkivet: panteregister, kyrkjebøker, folketeljingar

Jørgen Espelund, sagt og skrivi 2007: Soga om lognaste heimen på Lalm

## Skogly

Skogly gnr. 10 bnr. 8 som ligg ved Kjeldlykkja vart 1945 frådelt frå sygard Snerle med skjøte frå Knut Snerle til Mathias Snerlebakken for kr 825. Mathias 1896-1952 var son til Ole Nilsen Snerlebakken f.ca.1839 og Mari Johnsdotter Skaarseie Skurdal f.1854. Mathias var gift med Mari P 1897-1970.

I 1984 var det heimelsovergang til Marie Østfold f.1924, Pål Snerlebakken f.1926 og Ola Snerlebakken f.1928. Marie Østfold fekk heimel til halve delen av eigedommen i 2002 og Roger Snerlebakken f.1968 på den andre halvdel i 2023.

Kjelder:

Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker mm

Digitalarkivet: panteregister, kyrkjebøker, folketeljingar

Seeinedom.no,

Finn grav slektogdata.no

## Snerlebakken

Torø Hansdotter f.ca.1731 var i 1801 enkje og hadde føderåd av plassen. Ho var gift med Hans. Dei hadde 2 barn:

Hans f.ca.1767

Ole f.ca.1771, neste brukar

Ole Hansen var i 1801 husmann med jord under sygard Snerle. Ole f.ca.1771 var gift med Kari Olsdotter f.ca.1767, dei hade 4 barn:

Anne f.ca.1790

Barbro f.ca.1778

Hans f.ca.1800

Nils 1803-1887, neste brukar

I 1865 var Nils Olsen husmann med jord. Nils vart 1841 gift med Bridt Iversdotter Rottenseie Bakkom ø. 1815-1887 dotter til Iver Knutsen Rottensbakken 1785-1831 og Rønnaug Stenersdr. Nettet f.ca.1786 d.1849. Nils og Bridt hadde 5 barn:

Ole f.ca.1839, neste brukar

Iver f.ca.1841, smb. Marit Olsdr. f.ca.1843, dei hade barna Ole f.ca.1863, Bridt f.ca.1865.  
g.1876.m. Imbjør Erlandsdr. Bjørnstad f.1846

Kari f.1848, g.m. John Olsen Tolstadeiet

Hans f.ca.1854

Rønnaug f.ca.1856, g.m. Ole Gudbrandsen Simonsneset

Ole Nilsen vart 1877 gift Mari Johnsdotter Skaarseie f.1854 dotter til John Enersen Skaarseie Skurdal 1830-1920 og Anne Pedersdr. Harloungeie, Heidal 1829-1917. I 1900 var Mari Jonsdotter enkje og husmannskone med jord, i 1891 vart Ole nemnd som familiens overhovud. Ole og Mari hadde 6 barn:

Jon 1880-1929, neste brukar

Bridt f.1883

Anne f.1886

Nils f.1889

Rønnaug f.1892

Mathias f.1896, til Skogly

Snerlebakken vart frådelt frå sygard Snerle i 1920 med skjøte frå Mathias Snerle til John O Snerlebakken for kr 4400. Jon vart 1911 gift med Rannei Nettet 1888-1989 dotter til Ola Sveen og Ingrid Øygarden. John og Rannei hadde 8 barn:

Mari f.1911

Inga f.1913

Rønnaug f.1915, neste brukar

Ola f.1917

Hans f.1919

Olaf f.1923

Johan f.1925

Rolv f.1928

Rønnaug vart 1947 gift med Ingvar E Evensen 1915-1988 son til Even Olsen, Heidal og Ingrid Botten, Dovre. Rønnaug og Ingvar overtok i 1967, dei hadde 6 barn:

Ingrid f.1947, g.m. John I Henriksen 1952-1997

Torhild f.1949, g.m. Nils Tore Kristensen

Jan f.1950

Egil f.1950, neste eigar

Rolf f.1952

Odd f.1955, g.m. Bente Sletten

Egil overtok frå 1983. Han er gift med Elin Øyen f.1959 dotter til Per Øyen f.1926 og Eldrid Grevrusten f.1933. Egil og Elin har 2 barn:

Ellen f.1977

Eva f.1980

Kjelder:

Norske gardsbruk 1953-1997

Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker mm

Digitalarkivet: panteregister, kyrkjebøker, folketejingar